



## Klargjering: Karantenehotell vs. Arbeidstilsynet si førehandsgodkjenning av karanteneinnkvartering

I arbeidet med å førehandsgodkjenne karanteneinnkvartering for arbeidstakarar i innreisekarantene ser vi at mange misforstår

- kva eit karantenehotell er
- kven som kan søke om førehandsgodkjenning av karanteneinnkvartering hos Arbeidstilsynet

Her kjem ei klargjering av kva som skil karantenehotell frå Arbeidstilsynet si førehandsgodkjenning av innkvartering, jf. covid-19-forskriften § 2A:

[https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2020-03-27-470/KAPITTEL\\_3#KAPITTEL\\_3](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2020-03-27-470/KAPITTEL_3#KAPITTEL_3).

### Kva er eit karantenehotell?

Karantenehotell

- er eit omgrep som blir brukt i covid-19-forskrifta om utvalde hotell for personar i innreisekarantene
- blir organisert av kommunane etter avtale med Statsforvaltarane
- ligg i hovudsak i kommunar nær større grenseovergangar

Dette betyr at ordinære hotell eller andre utleigestader

- ikkje er ein del av karantenehotellordninga
- ikkje kan søke Arbeidstilsynet om førehandsgodkjenning av lokale til innreisekarantene

### Det er arbeids- eller oppdragsgivar som må søke om førehandsgodkjenning hos Arbeidstilsynet

Hovudregelen er at utanlandske arbeids- og oppdragstakrar skal gjennomføre innreisekarantenen på eit karantenehotell. Dersom arbeids- og oppdragsgivarar kan tilby karanteneinnkvartering som er førehandsgodkjent av Arbeidstilsynet, er det unntak frå regelen om karantenehotell. Dette betyr at det er den arbeids- eller oppdragsgivaren som sørger for innkvartering, som skal søke Arbeidstilsynet.

Hotell og andre utleigestader kan ikkje søke om førehandsgodkjenning av lokala dei stiller til rådighet. Det må den enkelte arbeids- eller oppdragsgivar gjere.

Les meir om førehandsgodkjenning av innkvartering:

[www.arbeidstilsynet.no/tema/innkvartering-av-arbeidstakere/godkjenning-av-innkvartering-for-arbeidstakere-i-innreisekarantene/](https://www.arbeidstilsynet.no/tema/innkvartering-av-arbeidstakere/godkjenning-av-innkvartering-for-arbeidstakere-i-innreisekarantene/).

### Eksempel på spørsmål vi får om karantenehotell

#### 1. Kan arbeidsgivarar, hotell og kommunar søke Arbeidstilsynet for å bli karantenehotell?

Nei, dette ligg utanfor Arbeidstilsynets myndighet. Det er inga "godkjenningsordning" for karantenehotell. Karantenehotell er ei ordning som Statsforvaltarane og kommunane organiserer.



## 2. Kan kommunane godkjenne karanteneinnkvartering på hotell?

Nei, kommunane kan ikke godkjenne eller gi samtykke til at arbeids- eller oppdragsgivar kan bruke ordinære hotell som karanteneinnkvartering. Arbeids- eller oppdragsgivar må alltid søke om førehandsgodkjenning av karanteneinnkvartering hos Arbeidstilsynet.

## Oversikt over førehandsgodkjente karanteneinnkvarteringer

Innkvarteringsregisteret gir oversikt over innkvarteringer som er førehandsgodkjent av Arbeidstilsynet. I registeret kan du søke på kommune eller organisasjonsnummer:

<https://innkvarteringsregisteret.arbeidstilsynet.no/>.

## Tips oss om brot på covid-19-forskrifta

Arbeidstilsynet prioriterer tilsyn av førehandsgodkjente karanteneinnkvarteringer. Dersom de avdekker avvik frå krav til innkvarteringslokale eller bruken av dei, er det viktig at de tipsar oss.

Tips oss via tipsløysinga vår: <https://tips.arbeidstilsynet.no/>.

Bruk eDialog viss de skal sende oss opplysningar eller svare på dette brevet.

Les meir om eDialog på [www.arbeidstilsynet.no/post](http://www.arbeidstilsynet.no/post).

Med helsing

Arbeidstilsynet